

Høyringsutkast

Forskrift om skulekrinsar i Gloppen kommune

Fastsett av kommunestyret i Gloppen XXXX i sak, med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-6.

§ 1 Formål

Forskrifta skal ivareta elevane sin rett til å gå på nærskulen. Forskrifta skal og bidra til føreseieleg og likeverdig behandling av søknader, vedtak og klager på tildeling av skuleplass.

§ 2 Verkeområde


Forskrifta gjeld for alle barn i grunnskulepliktig alder som er busette i Gloppen, og omfattar alle kommunale grunnskular.

§ 3 Skulekrinsar

Gloppen kommune er delt inn i følgjande skulekrinsar:

Skulekrins	Område
Breim skule	6827 Breim, 6826 Byrkjelo
Sandane skule	6823 Sandane, 6828 Hestenesøyra Elevar med adresse frå og med Nordstrandsvegen 14 og austover og Øvrevegen 20/29 og austover er knytt til Sandane.
Nordstranda skule	6823 Sandane Elevar med adresse Timberstigen, og vest for Øvrevegen 18/29 og Nordstrandsvegen 14 er knytt til Nordstranda.
Hyen skule	6829 Hyen
Gloppen ungdomsskule	6823 Sandane, 6826 Byrkjelo, 6827 Breim, 6828 Hestenesøyra

Kart over grensa mellom Nordstranda og Sandane er slik:



§ 4 Tildeling av skuleplass

Elevar skal som hovudregel få plass ved den skulen dei soknar til etter skulekrinsane i § 3. Rektor gjer vedtak om skuleplass ved å skrive inn elevane på skulen våren før skulestart.

Ved tildeling av skuleplass skal kommunen leggje særleg vekt på kva skule som ligg nærast heimen. Kommunen kan òg ta omsyn til:

- trafikktryggleik
- topografi og reiseveg
- kapasitet ved skulane
- omsynet til at barn i same nærmiljø får gå på same skule

§ 5 Søknad om skuleplass utanfor skulekrinsen

Føresette kan søkje om plass ved annan skule enn nærskulen i særskilde høve.

Kommunen avgjer søknaden etter ei konkret vurdering av:

- kapasitet ved skulen
- omsynet til eleven sitt beste
- pedagogiske og sosiale forhold
- konsekvensar for kommunen sin samla skulestruktur
- skuleskys og kommunen sin økonomi

Det er ikkje rett til plass ved annan skule enn nærskulen. Kommunalsjef oppvekst avgjer søknader om skuleplass utanfor skulekrinsen.

§ 6 Særskilt for Sandane og Nordstranda skule

Ved tilflytting gjennom skuleåret til postadresse 6823 Sandane, kan kommunen tildele skuleplass på den skulen det høver best i forhold til klassesamansetjing, klassestørrelse og personale. Dette vil vere mest aktuelt for dei som buset seg i området mellom dei to skulane. Tildeling av skule vil gjelde heile skuletida, eller til anna vedtak i ordinær søknadsprosess.

§ 7 Klage

Vedtak om skuleplass er enkeltvedtak etter forvaltningslova og kan klagast på etter reglane i forvaltningslova kapittel VI. Dei vert behandla i Helse- og oppvekstutvalet.

§ 8 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft